



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato
28.11.2014
Dykkar dato
25.09.2014

Vår referanse
2014/11659 443.0
Dykkar referanse
14/7918

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Fråsegn til forskrift om fellesansvar for utfisking av rømt oppdrettsfisk

Fylkesmannen i Hordaland støtter forureinar betalar prinsippet for utfiske av rømt oppdrettsfisk. Vi meiner innføring av eit obligatorisk miljøfond er rett og naudsynt, og bruk av differensierte avgifter er etter vårt syn fornuftig.

Fylkesmannen meiner det må gjerast store endringar i høyringsforslaget.

Vi viser til *Forskrift om fellesansvar for utfisking av rømt oppdrettsfisk* sendt på høyring av nærings- og fiskeridepartementet 25. september 2014.

Hordaland er eit av dei store oppdrettsfylka i landet. Det har vore gjennomført fiske etter rømt oppdrettsfisk i vassdrag sidan midten av 1980-talet. Frå 1990-talet vart det òg opna for fiske etter rømt oppdrettsfisk om vinteren i sjø. Fiske etter rømt oppdrettsfisk har alltid vore dugnadsbasert. Sidan 2012 har FHL sitt miljøfond betalt dusør for oppdrettslaks tatt i vassdrag langs Hardangerfjorden. Resten av fylket har ikkje vore omfatta av denne ordninga.

Forskrift om fellesansvar for utfisking av rømt oppdrettsfisk

Intensjonen i forskrifta er god, men den har etter vårt syn vesentlege manglar. Vi er positiv til at forureinar betalar vert innført, og at det vert eit obligatorisk miljøfond. Differensiering av avgiftene slik det er foreslått i forskrifta er òg noko vi støttar.

Vi er einig i at det må det innførast ei ordning der alle innehaverane av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogaure, vert pålagt ei årleg avgift slik forskrifta skissere. Men det er vårt syn og anbefaling at avgiftene vert lagt til eit fond som er styrt av forvaltninga åleine. Samanslutninga og styret, kan bli oppfatta som eit ekstra forvaltningsledd. Det er heller ikkje heldig at det er næringa sjølv som skal bestemme kvar det skal brukast midlar for å ta ut rømt oppdrettsfisk. Slik vi les forskrifta og høyringsnotatet, vil framleis dugnadsinnsatsen vera heilt avgjerande for å ta ut rømt fisk i mange av vassdraga.

Merknader til forskrifta

Styret

Vi meiner forvaltninga må ha fleirtal i styret, ikkje slik det er lagt opp til i dag med to frå forvaltning og tre frå næringa. Dette kan bidra til at styret får den legitimiteten dei treng i arbeidet. Vi stiller spørsmål ved om offentlegheitslova vil gjelde for styret om ikkje forvaltninga får fleirtal.

Overvaking og utfisking

Fiskeriforvaltninga og miljøforvaltninga skal saman finne fram til kva elver som skal verte overvaka, rundt 80 – 100 elver årleg. I notatet kjem det fram at ansvaret til utfiske skal avgrensast til dei elvane som vert overvaka. Det betyr at mykje av utfiske framleis vil vera dugnad frå fiskerettshavarane. Det kan tenkast at meir oppdrettfisk vil bli tatt i dugnadsarbeidet enn kva som vil bli tatt ut og betalt av samanslutninga. Årsaken til det er at ikkje alle vassdraga kan overvakast samstundes. I dag er heller ikkje utfiske avgrensa til berre å gjelde i laksevassdrag, utfiske skjer òg i mindre vassdrag som ikkje er karakterisert som laksevassdrag.

Om tiltak pålagde av styresmaktene

Samanslutninga skal planlegge utfiskingstiltak der innslaget av rømt oppdrettfisk er uakseptabelt. Forskrifta seier ingenting om at det skal setjast i verk tiltak. Vi meiner ordlyden må endrast slik at det kjem klart fram at tiltak skal gjennomførast. Det må vurderast i kvart enkelt tilfelle, og i nokre tilfelle vil det kanskje ikkje vera mogleg å gjennomføre utfiske. Men utgangspunktet må vera at rømt fisk skal fjernast frå vassdraga.

Det er forslag om å forskriftsfeste grenseverdier for når ein må vurdere og planlegge utfiske, og når ein ikkje treng. Høyringa gjeld ikkje grenseverdiane i seg sjølv, men i kva grad dei skal leggast til grunn. Vi meiner bruk av føreslegne grenseverdier ikkje er god nok, jf. kvalitetsnormen for villaks. I kvalitetsnormen er grensa mellom dårleg og moderat 5 % oppdrettsfisk i gytebestanden. I forslaget til forskrifta er grensa for å vurdere av planlegging satt på 5 – 15 % rømt fisk i elv (haustprosent), kravet til planlegging er der det er over 15 % (haustprosent). Under 5 % er det ikkje pålagt å setje i gang planlegging.

Fylkesmannen meiner at 5 % oppdrettfisk i gytebestanden/haustprosent, allereie er for mykje. I områder kor det har vore mykje rømt oppdrettsfisk over lang tid, som i Hordaland, er det berre ved 0 % rømt oppdrettfisk i bestanden at situasjonen vil betrast (Diserud mfl. 2010).

Vi støtter bruk av grenseverdier, men grensene for planlegging/utfiske må flyttast. Allereie ved 5 % (haustprosent) bør ein setje i verk tiltak. Det kan vurderast å nytte ulike grenseverdier for ulike regionar, regionar som har hatt høg innblanding tåler mindre, og tiltak må setjast i verk tidlegare.

Departementet foreslår at samanslutninga får ansvar for oppgåva å planlegge tiltaket, og å velje kven som skal gjennomføre tiltaket. Det vert lagt til grunn at samanslutninga har ein god dialog med fiskerettshavarane i vassdraga. Vi minner òg om at det må søkjast løyve frå Fylkesmannen til utfiske etter laks- og innlandsfiskelova.

Merking

Det er vanskeleg å identifisere all rømt oppdrettsfisk visuelt. Vi meiner difor all oppdrettsfisk må merkast med eit ytre kjenneteikn. Vi trur oppdrettsnæringa sjølv vil kunne finne gode merkemetoder, vert det sett krav om det. Eit alternativ som kan vurderast er å bruke feittfinneklypping. Vert dette brukt vil det vera naudsynt å merke kultivert fisk på ein anna måte.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Gry Walle
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Miljødirektoratet Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM